

Sak til Samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemene i Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
Dato:	8. desember 2021
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Status for handlingsplan 2021 Utkast til handlingsplan 2022
Saksnummer	44/21

I saka presenterer Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2021 og forslag til ny handlingsplan for 2022.

Vedlegg i saka er:

1. Status for handlingsplan 2021 per november 2021 (vedlegg 1)
2. Forslag til Handlingsplan for 2022 (vedlegg 2)

Bakgrunn

Handlingsplanen er eit viktig dokument som viser prioriterte tiltak for dei fire overordna samarbeidsutvala i føretaksområdet. Dei siste året har det vore ein kort og oversikteleg handlingsplan som prøver å tilpassa seg både ambisjonsnivået og ressursinnsatsen som partane legg inn i samhandlinga. Erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.

Gjennom heile 2021 har samarbeidsutvala fått jamleg orientering om status for arbeidet med tiltaka i gjeldande handlingsplan. Det er eit mål å halda fram med dette også i 2022.

Innhaldet i handlingsplanen

Handlingsplanen er delt inn i to hovudområde (avtaleverket og andre samhandlingstiltak). SSE tilrår vidareføring av forma på handlingsplanen og i 2022.

SSE har laga eit utkast til handlingsplan for 2022 sett saman av pågåande tiltak frå handlingsplan for 2021, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon, endringar i nasjonale føringar som utløyser revisjonsbehov og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem.

Nye tiltak som er føreslått på handlingsplanen for 2022 er:

- **Punkt 1.5** Utarbeiding av retningsliner for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging. Dette arbeidet var i handlingsplanen for 2021 knytt til revisjon av tenesteavtale 10. Arbeidet vil og retta seg mot avtale 3 og 5 og er derfor teke ut som eige punkt på handlingsplanen.
- **Punkt 1.6** Utarbeiding av samarbeidsavtaler/tenesteavtalar som møter dei to nye lovkrava til kva samarbeidsavtalane skal innehalda
- **Punkt 1.7** Revisjon av overordna samarbeidsavtale i føretaksområdet er kome inn på bakgrunn av arbeidet med Helsefellesskap. Dagens samhandlingsstruktur er regulert gjennom overordna samarbeidsavtale pkt. 6. Framlegg om endringar i samhandlingsstrukturen må følgjast opp med ein revisjon av denne avtalen.

- **Punkt 2.1** Etablering av Helsefelleskap vil mest sannsynleg føra til endringar i samarbeidsstrukturen. Det må vurderast behov for revisjon og tilpassingar av handlingsplanen når vedtak om helsefelleskap er gjort.

SSE si tilråding

Fleire av tiltaka som er føreslått på handlingsplanen for 2022 krev mykje arbeid frå alle involverte. Særleg punkt 1.7, 2.1 og 2.4 inneheld mange og krevjande arbeidsoppgåver.

SSE ber om at dette vert vurdert dersom fleire saker vert føreslått inn på Handlingsplanen for 2022.

Forslag til vedtak:

1. Samarbeidsutvalet for Bergensregionen tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2021 til orientering.
2. Samarbeidsutvalet for Bergensregionen sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2022 og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2022.

Vedlegg 1: Status for handlingsplan 2021

Vedlegg 2: Forslag til handlingsplan for 2022